



REFERAT FRÅ ÅRSMØTET 2023 JØSNESET BYGDARÅD

**Torsdag 9. mars 2023, kl 18.50
på Grendahuset**

Frammøte:

Frå bygdarådet møtte Oddvar Skiftun, Johan Hjorteland, Lars Reidar Nesvik, Jostein Hjorteland og Solveig Bog
I tillegg møtte 20 personar utanom styret.

Årsmøtesaker:

1. **Møteleiar:** Oddvar Skiftun
2. **Innkalling og sakliste** blei godkjende utan merknadar.
3. **Årsmeldinga** blei gjennomgått og tatt til orientering.
 - Merknad om at ryddedagen i april var gløymt i årsmeldinga
 - Ang avløpssaka kunne Silje Sværen fortelje at status for Ombofjorden nå er «god».
 - kommentar om at det var ei god og fyldig årsmelding
4. **Rekneskap** blei gått gjennom og godkjend.
5. **Val.** Svanhild Hjorteland la fram valnemda sine forslag. Valnemda si innstilling blei einstemmig vedteke:

Oddvar Skiftun, leiar for 1 år (1 år igjen som styremedlem)

Jostein Hjorteland, gjenval for 2 år

Silje Sværen, vald for 2 år

(Johan Hjorteland og Lars Reidar Nesvik var ikkje på val, dei har 1 år igjen som styremedlem)

Varamedlemmer:
Jon Brandal, 1 år
Øyvind Oaland, 1 år

Revisor: Tor Magne Skiftun (ikkje på val, 1 år att)

Valnemd:
Svanhild Hjorteland, 1 år igjen
Berit S. Hjorteland, 2 år igjen
Solveig Bog, 3 år igjen

6. Smashing Jøsneset - orienteringssak

Odd Fosså fortalde at Smashing-arrangementet i 2022 var ein kjempesuksess. Komiteen fekk skrøyt både frå Skjenkekontrollørane og artistane. Det var ca 280 gjester. Takk til alle som har bidratt, det er estimert at det er lagt ned 700 dugnadstimar.

I år blir det Smashing Jøsneset 5. august, og Heine Totland og FYK skal spele.

Sven Westersjø gjekk gjennom rekneskapet for 2022 og budsjettet for 2023. Reknar med litt mindre sponsorinntekter, men ser for at det blir eit godt overskot også i år.

7. Budsjett for Jøsneset Bygdaråd

Budsjettet blei vedtatt med desse endringane:

- auka beløp for terrasse til 100.000 kr
- legge inn post om å kjøpe inn to nye luftgevær, 8000 kr
- auke beløp for treningsavgift til 15.000 kr
- få med punkt om oppgradering av leikeplass/uteområde, der fekk me 20.000 kr i fjor
- auke punkt om driftstilskot frå kommunen til 120.000 kr sidan me får etterbetalt 24.000 kr for i fjor.

8. Organisering av pubkveldar

Det blei diskutert korleis ein kan organisere desse, slik at det ikkje skulle bli så mykje arbeid for bygdarådet. Forslag om å ha levande musikk når det skal være åpning av den nye terrassen, og at det kan vere quiz-kveld ein gong. Det er ikkje krav om matservering.

Desse fire melde seg som frivillige til årets to planlagde pubkveldar:
Svanhild H. Gbada, Sven Westersjø, Bjørn og Mona Røkkum

9. Eventuelt

- Styret får fullmakt til å sjå om ein bør binde opp eit beløp av pengene i banken for å få betre rentevilkår
- Rasin Tjeltveit sa at det for nokre år sidan blei jobba litt med å få til ei

utstilling av historia til Kalvagarden. Dette arbeidet må me sjå om me kan fortsette.

Den som slutta i bygdarådet fekk blom og takk for innsatsen. I tillegg fekk dei tre som hadde representert Jøsneset under årets Humorbattle ei gåve som takk for god innsats, og for å ta «heim» pokalen.

Takk til alle som møtte!

Møtet var slutt litt før kl. 21.00

*Jøsneset, 10. 03. 2023
Solveig Bog*

Referat frå Årsmøte Jøsneset Ungdomslag

Torsdag 9. mars 2023, Grendahuset

Dette blei vedtatt:

Styret tilrår oppløysing av Jøsneset Ungdomslag, og overføring av midler til Jøsneset bedehus for større vedlikehaldsoppgåver.